

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.05.2011
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per april 2011**

Arkivsak

2011/11

Styresak 057/11 B

Styremøte 01.06. 2011

Forslag til vedtak

1. Styret tek rapportering frå verksemda per 30. april 2011 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per utgangen av april 2011 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak har gått ned frå august 2010 til februar 2011, både for ventande og behandla, når ein ser på alle fagområde for RHF-et samla. I april har ventetida for ventande gått noko opp i samband med påskehelga. Den samla ventetida for behandla pasientar er kortare enn for eitt år sidan både innan psykisk helsevern for vaksne og innan BUP, og om lag på same nivå innan somatikken. For pasientar som framleis ventar er den gjennomsnittlege ventetida innan BUP noko høgare enn for eitt år sidan, innan psykisk helsevern for vaksne og innan somatikken er den gjennomsnittlege ventetida litt kortare enn for eitt år sidan. Innan alle fagområde er ventetidene framleis kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar.

Den somatiske aktivitetsutviklinga viser ein vekst både i talet DRG-poeng, talet på sjukehusopphald (dag- og døgnopphald) og i poliklinisk aktivitet per utgangen av april 2011, samanlika med førre år. Innan psykisk helsevern for barn og unge ligg både døgnaktiviteten og aktivitetsnivået innan dagbehandling og poliklinikk lågare enn til same tid i 2010. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne ligg så langt høgare enn fjoråret innan dagbehandling og poliklinikk, medan aktiviteten målt i liggjedøgn er lågare enn i 2010.

Akkumulert resultat pr april er kr 33,7 mill betre enn budsjettet. Helse Stavanger og Helse Førde rapporterer om ei realisert omstilling på hhv 48 og 103% av plan. Helse Fonna etablerte si tiltakspakke i april og har realisert ein effekt på 22% av plan. Helse Fonna og Helse Førde melder ei prognose som er hhv. kr 10 og 25 mill dårlegare enn budsjett, medan dei andre føretaka rapporterer ei prognose som er lik budsjettet resultatkrav. Likviditeten forverrar seg mot slutten av året som følgje av betaling av KLP reguleringspremie. Samla sett ligg likevel driftskreditten godt innafor tildelt trekkramme.

Sjukemeldt fråvær var 6,5 % pr mars 2011 noko som er ein liten nedgang frå februar 2011. Samla sjukefråvær for føretaksgruppa var 7,7 % per mars 2011. Det er ein auke på 0,5 prosentpoeng i forhold til same periode i 2010. Brutto månadsverk for føretaksgruppa er 18 720 pr april, noko som er ein auke på 160 brutto månadsverk samanlikna med mars i år, og ein auke på 531 brutto månadsverk samanlikna med april i fjor.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i april på 80 %, det same som for mars. Inntrykket av det regionale helseføretaket held seg relativt stabilt på 60 %, sjølv om det er ein tilbakegang frå 62 % i mars.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 30. april 2011. Under sak 74/06 B og sak 80/07 finn ein oversikt over indikatorane med tilhøyrande definisjon. Grenseverdiar som er vedtekne av styret finn ein i sak 14/07 B og sak 80/07. Ved denne rapportering er grenseverdiane justert slik at dei er i tråd med dei måla som blei sett i styringsdokumenta for 2011.

Den helsefaglege delen av verksemdrapporteringa består av fire område: aktivitetsutvikling, ventetidsutvikling, epikrisetider og tertialsvisе indikatorar. Dei tre første områda er månadlege indikatorar, medan det siste området har tertialsvisе indikatorar.

Kommentar

1. Aktivitetsutvikling

Datakjelda som blir nytta i rapporteringa av aktivitetsdata innan somatikken (og psykisk helsevern) er manuelle tal som helseføretaka sjølv rapporterar inn til Helse Vest RHF månadleg. I denne rapporteringa blir samla tal for aktiviteten per april 2011 samanlikna med tala per april 2010.

 Aktivitetsutvikling		Resultat	Mål	Status	=
Somatikk					
Aktivitet målt i DRG-poeng		6,1%	1,5%		
Aktivitet målt i opphald		2,8%	1,5%		
Poliklinisk aktivitet		4,4%	4,5%		
Psykisk Helsevern for Barn og unge					
Aktivitet døgntilrettelagt		-6%	2%		
Aktivitet dagbehandling		-6%	5%		
Psykisk helsevern for voksne					
Aktivitet døgntilrettelagt		-3,7%	2%		
Aktivitet dagbehandling		3,4%	5%		

Somatikk

Dei faktiske tala syner at det totalt er generert over 85 000 DRG-poeng dei første månadene av 2011. For Helse Vest samla er dette totalt 6,1 % høgare enn i same periode i 2010. Per april er det berre Helse Førde HF som ikkje har ein DRG-produksjon som er like høg eller høgare enn i 2010.

Det samla talet sjukehusopphald (døgn og dag) var om lag 89 000 for dei fire helseføretaka ved utgangen av april 2011, medan talet polikliniske konsultasjonar var rett over 285 000. Per april 2011 hadde Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF ein aktivitetsutvikling målt i sjukehusopphald som var høgare enn aktivitetsnivået per april 2010, medan Helse Fonna HF og Helse Førde HF hadde lågare aktivitetsnivå enn i 2010. I sum ligg helseføretaka i Helse Vest 2,8 % høgare enn aktivitetsnivået til same tid i 2010. Når det gjeld den polikliniske aktiviteten ligg den 4,4 % høgare enn kva den gjorde ved utgangen av april 2010. Samla sett tek løyvinga frå HOD høgde for ein somatisk poliklinisk aktivitetsvekst på 4,5 %. Alle dei fire helseføretaka har hatt eit høgare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2011, enn kva dei hadde i 2010.

Psykisk helsevern

Per april 2011 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgn 6 % lågare enn til same tid i 2010. Uttrykt i absolutte tal er aktivitetsforskjellane høvesvis små, og det er berre generert 350 færre liggjedøgn dei fire første månadene av 2011 enn i 2010. Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF rapporterar om nokre fleire liggjedøgn enn året før, medan Helse Førde HF og Helse Fonna HF har generert færre liggjedøgn. I Helse Førde HF er reduksjonen i liggjedøgn i tråd med styrevedtak frå juni 2010 om å redusere sengjetalet. I Helse Fonna HF skuldast låg aktivitet mellom anna at ein har måtta stoppe inntak av pasientar ved BUP-Stord grunna total mangel på psykiater.

Indikatoren for dagbehandling innan BUP (som inneheld dagopphald og poliklinikk) syner per april 2011 eit aktivitetsnivå som er om lag 6 % lågare enn ved utgangen av april 2010. Så langt i 2011 er det til saman gjennomført rundt 41 500 polikliniske konsultasjonar og dagopphald, noko som er om lag 2 700 færre enn i same periode i 2010. Berre Helse Bergen HF har eit like høgt eller høgare aktivitetsnivå enn til same tid i 2010, medan aktivitetsnivået ved dei tre andre helseføretaka er lågare.

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne var per april 2011 3,7 % lågare enn i tilsvarende periode i 2010 målt i talet liggjedøgn. I absolutte tal har det blitt generert om lag 84 000 liggjedøgn, noko som er rundt 2 200 færre enn i 2010. Av dei fire helseføretaka har Helse Førde HF generert fleire liggjedøgn så langt i 2011, medan Helse Førde HF, Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF rapporterar lågare aktivitet enn i 2010. I Helse Bergen HF er det ei ønska utvikling å få til ei vridning frå døgntilrettelagt til polikliniske behandling.


Aktivitetsutviklinga innan dagbehandling (som inneheld dagopphald og poliklinikk) syner at den samla aktiviteten innan psykisk helsevern for vaksne er 3,4 % høgare enn ved utgangen av same månad året før. Av helseføretaka er det berre Helse Fonna HF som har eit aktivitetsnivå som er lågare enn til same tid i 2010, medan Helse Førde HF, Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF har hatt høgare aktivitet enn i same periode i 2010. Uttrykt i absolutte tal er det gjennomført nær 74 700 polikliniske konsultasjonar og dagopphald dei fire første månadene av året, noko som er om lag 2 500 fleire enn i 2010.

2. Ventetidsutvikling

I styrerapporteringa blir tal for ventetidsutviklinga henta frå det regionale datavarehuset, som er utvikla innan prosjektet "heilskapeleg styringsinformasjon". Datagrunnlaget i datavarehuset er det same som Norsk pasientregister nyttar til nasjonal statistikk. Data blir handsama etter dei same reglane, men små avvik kan førekome.


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle dei som starta behandling i april 2010 var på 71 dagar, og for dei ventande 83 dagar. Figuren nedanfor viser korleis dei gjennomsnittlege ventetidene varierar mellom helseføretaka for pasientar som har starta behandling, for alle fagområde samla.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for dei pasientane som framleis ventar ved utgangen av siste månad, fordelt per helseføretak, er vist i figuren nedanfor.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde




Somatikk

For dei fire helseføretaka samla har dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande innan somatikken stort sett gått gradvis nedover i hele perioden frå august 2010 til mars 2011. Dette gjeld både for ventande med prioritet og for ventande utan prioritet. Frå mars til april har ventetida gått litt opp, både for prioriterte og pasientar utan prioritet, noko som hang saman med at påskeveka dette året var i april.

For pasientar med prioritet var ventetida ved utgangen av april 2011 60 dagar, noko som er 6 dagar lengre enn førre månad, men 8 dagar kortare enn ved utgangen av april 2010. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida 110 dagar, noko som er 8 dagar kortare enn i april 2010.


Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan somatikk



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som framleis venta på behandling ved utgangen av april 2011, både med og utan prioritet, var 82 dagar innan somatikken. Den samla ventetida ligg dermed 5 dagar høgare enn i mars, og i gjennomsnitt 8 dagar kortare enn til same tid i 2010. For pasientane som starta behandling i april 2011 var den samla gjennomsnittlege ventetida 72 dagar, noko som er 3 dagar kortare enn førre månad, og det same som i april førre år (2010).

Helse Førde HF var det helseføretaket som hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene ved utgangen av april 2011 for ventande med prioritet (53 dagar). Kortast ventetid for ventande utan prioritet hadde ein i Helse Fonna HF (103 dagar). Dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande med prioritet ved dei andre helseføretaka var 57 dagar i Helse Fonna HF, 58 dagar i Helse Bergen HF og 66 dagar i Helse Stavanger HF ved utgangen av april 2011. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritert var 107 dagar i Helse Førde HF, 109 dagar i Helse Stavanger HF og 116 dagar i Helse Bergen HF.


Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



I figuren over er utviklinga i den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande, både for pasientar med og utan prioritet, vist slik den fordelar seg per helseføretak innan somatikken.

Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta behandling i april 2011, så var dei 61 dagar for prioriterte og 95 dagar for ventande utan prioritet. For prioriterte pasientar er dette 4 dagar kortare gjennomsnittleg ventetid enn i april 2010, og 1 dag kortare enn førre månad. For behandla utan prioritet er ventetida 10 dagar lengre for enn for eitt år sidan, og 7 dagar kortare enn i mars 2011.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Den samla utviklinga i gjennomsnittleg ventetid for pasientar som er tatt til behandling, slik den fordeler seg per helseføretak er vist i figuren ovanfor.

Psykisk helsevern for barn og unge

Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) har ventetidene i hovudsak peika nedover sidan august 2010 både for pasientar med og utan prioritet, med eit lite unnatak for prioriterte i desember 2010. Som

innan somatikken har dei gjennomsnittlege ventetidene gått opp i april 2011, både for ventande med og utan prioritet. Ventetidene for ventande har stege i alle dei fire helseføretaka.


Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP)

Utvikling i gj.snitt ventetid og tal pasientar for ventande v/ periodeslutt fordelt etter prioritet. (310) Psykisk helsevern barn og unge, alle omsorgsnivå, Helse Vest RHF



Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet var 62 dagar ved utgangen av april 2011. Dette er 9 dagar lengre enn ved utgangen av førre månad og 7 dagar lengre enn i april 2010. For dei ventande utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida per april 2011 93 dagar, noko som er 5 dagar kortare enn for eitt år sidan. Figuren over syner og at den gjennomsnittlige ventetida framleis er lågare for pasientar med prioritet, enn for dei utan prioritet. Samla gjennomsnittleg ventetid for alle som venta innan BUP ved utgangen av april 2011 var 68 dagar, noko som er 6 dagar meir enn for eitt år siden. Den samla ventetida for pasientane som starta behandling i april 2011 var 62 dagar i gjennomsnitt, noko som er 18 dagar kortare enn i april 2010.


Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Den gjennomsnittlege ventetida for pasientar med prioritet var kortast i Helse Bergen HF ved utgangen av april 2011 med 42 dagar i gjennomsnitt, tett følgt av Helse Førde HF (43 dagar) og Helse Stavanger HF (44 dagar). Den gjennomsnittlege ventetida for prioriterte pasientar i Helse Fonna var heile 147

dagar ved utgongen av april i år. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritet varierte frå 81 dagar i Helse Bergen HF til 129 dagar i Helse Førde HF.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP




Ventetida for prioriterte pasientar som blei tatt til behandling i april 2011 var 58 dagar, noko som er 18 dagar kortare enn for eitt år sidan. Talet på pasientar utan prioritet som startar behandling er svært lågt, noko som gir store variasjonar i dei gjennomsnittlege ventetidene. I gjennomsnitt var ventetida 110 dagar for pasientar utan prioritet som blei tatt til behandling i april 2011, noko som er 18 dagar kortare enn for eitt år sidan.

Psykisk helsevern for vaksne

Av figuren nedanfor som syner utviklinga i gjennomsnittlege ventetider innan psykisk helsevern for vaksne ser ein at ventetidene har peikt nedover i dei siste sju månadene for ventande med prioritet, før dei no gjekk litt opp den seinaste måneden. Ved utgongen av april 2011 var den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet 48 dagar og 111 dagar for dei utan prioritet. For pasientar med prioritet er denne ventetida i gjennomsnitt heile 31 dagar kortare enn for eitt år sidan, men 10 dagar lengre enn i mars 2011. For ventande utan prioritet er ventetida og markant kortare enn for eitt år sidan. Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande var 72 dagar per utgongen av april 2011. Dette er i gjennomsnitt 26 dagar kortare enn i april 2010, men 1 dag lengre enn ved utgongen av førre månad.


For pasientane som starta behandling i april 2011 var den samla gjennomsnittlege ventetida 51 dagar, noko som er 6 dagar kortare enn i april 2010 og 4 dagar kortare enn i mars 2011.

Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan psykisk helsevern for vaksne




Helse Førde HF og Helse Bergen HF hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar som framleis venta ved utgangen av april 2011 med høvesvis 41 og 42 dagar, medan Helse Stavanger HF hadde dei lengste gjennomsnittlege ventetidene for dei same pasientane med 57 dagar. Gjennomsnittleg ventetid for prioriterte pasientar i Helse Fonna HF var 48 dagar ved utgangen av april. For ventande utan prioritet varierte dei gjennomsnittlege ventetidene frå 72 dagar i Helse Førde HF til 144 dagar i Helse Bergen HF.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne




For prioriterte pasientar som vart tatt til behandling i april 2011 var den gjennomsnittlege ventetida 47 dagar, noko som er 8 dagar kortare enn for 12 månader sidan. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida for pasientar som starta behandling i april 2011 67 dagar, noko som er 4 dagar kortare enn for eitt år sidan.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



3. Epikrisetid



I 2011 er den nasjonale målsettinga justert opp til at 100 % av epikrisane skal være sendt innan 7 dagar, mot 80 % tidlegare år. I april 2011 var delen epikrisar sendt innan 7 dagar 69 % både innan somatikk og innan psykisk helsevern. Framleis er det generelle biletet at epikrisetidene i regionen har halde seg relativt stabile dei siste 12 månadene, om enn kanskje litt stigande tendens innan somatikken. I hovudsak har det vore ein høgare prosentdel sendt tidnok innan psykisk helsevern enn innan somatikken.


Innan psykisk helsevern er det ingen av helseføretaka som klarar å nå målsettinga om 100 % epikrisar sendt innan 7 dagar. Høgast ligg Helse Bergen HF med kring 85 % sendt innan 7 dagar i april 2011, deretter følgjer Helse Førde HF med 80 %, Helse Fonna HF med 67 % og Helse Stavanger HF med 60 %.

Innan somatikken er det heller ingen helseføretak som har klart å oppfylgje den nye målsettinga i 2011. Helse Førde HF hadde og den høgaste delen epikrisar sendt innan 7 dagar innan somatikken i april 2011, med 80 %. Deretter følgjer Helse Bergen HF med 71 %, Helse Stavanger HF med 73 % og Helse Fonna HF med 63 %.

4. Korridorpasientar


På styremøtet i desember 2010 blei det semje om at rapportering på korridorpasientar skulle inngå som ein del av den ordinære rapporteringa frå verksemda. Figuren under viser utviklinga i bruk av korridorpassar per månad innan psykisk helsevern og somatikk per helseføretak dei siste månadene av 2010 og fram til i utgangen av april 2011.

Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan somatikk



Innan somatikken i Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har delen korridorpatientar vore over 30 pasientar per dag dei to siste månadene. I Helse Stavanger HF har det vore moderat bruk av pasienthotellet i og korridorbruken har og samanheng med mange utskrivingsklare pasientar i sjukehuset. Helse Fonna HF har og hatt utfordringar knytt til korridorpatientar innan somatikken, men i mars og april har talet på korridorpatientar gått ned ved føretaket. I Helse Førde HF er utfordringane førebels mykje mindre, då dei i gjennomsnitt har hatt rundt 3 pasientar liggande på korridor per døgn dei seinaste månadane.

Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan psykisk helsevern



Situasjonen i Helse Bergen HF har betra seg sidan siste rapportering og det var i gjennomsnitt 1 korridorpatient per dag i april 2011. Utviklinga blir følgt opp i tett dialog med Helse Bergen, og tiltak er starta opp. Helse Fonna HF og Helse Førde HF rapporterar om svært få korridorpatientar innan psykisk helsevern. Helse Fonna HF har ikkje korridorpatientar og Helse Førde har hatt langt under ein per dag i gjennomsnitt dei seinaste månadane. Innan psykisk helsevern i Helse Stavanger er det og gjennomgåande låg bruk av korridor plassar i perioden, og dei rapporterar at det ikkje var korridorpatientar i april 2011.

5. Striking av operasjonar

Delen strykingar heldt seg rett rundt 7,0 % i heile perioden frå i 2. tertial 2008 til 1. tertial 2011. Samla var delen strykingar 6,8 % per 1. tertial 2011, noko som er det same som førre tertial. Den høgaste delen styrkingar i 1. tertial 2011 finn ein i Helse Stavanger HF, med nær 8 % strykingar, medan Helse Førde HF hadde den lågaste delen med nær 5 %.

6. Økonomi

6.1 Resultat

Berekningar viser eit høgare kostnadsnivå knytt til pensjon enn det som låg til grunn for budsjettføresetnadane for 2011. I revidert nasjonalbudsjett har Regjeringa foreslått å dekke denne meirkostnaden i helseføretaka og resultatoversikten under er korrigert for dette.


Handteringa av dei auka pensjonskostnadane i dei private ideelle institusjonane Helse Vest har avtale med vil bli lagt fram i neste styremøte.

	April			Hittil pr. april		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	-366	-208	-158	5 161	1 861	3 300
Helse Bergen	16 489	12 758	3 731	59 585	53 124	6 461
Helse Fonna	-1 355	905	-2 260	-4 286	3 536	-7 822
Helse Førde	-4 754	-3 256	-1 498	-16 303	-13 966	-2 337
Helse Stavanger	5 126	3 375	1 751	17 084	13 332	3 752
Fellesområde, føretaksgruppa	15 024	6 078	8 946	57 058	31 186	25 872
Administrasjonen	-13	-243	230	2 628	-673	3 301
Helse Vest IKT	-3 760	-1 195	-2 565	-716	-1 901	1 185
Til saman	26 391	18 214	8 177	120 211	86 499	33 712

Alle tall i heile tusen

Akkumulert resultat pr april er positivt med kr 120,2 mill som er kr 33,7 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen – 2010 resultatet er ikkje korrigert for pensjonsjusteringa i desember

I april har Helse Stavanger eit resultat som er pluss kr 5,1 mill, noko som er kr 1,8 mill betre enn budsjettet. Akkumulert er resultatet kr 17,1 mill som er kr 3,8 mill betre enn budsjettet.

Inntektssida har eit akkumulert avvik på pluss kr 19,4 mill som hovudsakleg er relatert til polikliniske inntekter og "Raskare tilbake". Personalkostnadane syner eit negativt avvik på kr 11,1 mill etter fire månader. Kr 2 mill av avviket er knytt til innleige frå eksterne byrå noko som er 50 % lågare enn i fjor og skuldast at det interne bemanningssenteret har overtatt mykje av vikarleiga. Lønnsavviket kan hovudsakeleg tilskrivas variabel lønn då fastlønn har eit positivt avvik på kr 14,3 mill noko som kan tyde på mange vakante stillingar. Varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 6,9 mill der medisinske forbruksvarer utgjør kr 4,2 mill.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen – 2010 resultatet er ikkje korrigert for pensjonsjusteringa i desember

April viser eit underskot på kr 1,4 mill som gir eit negativt budsjettavvik på kr 2,3 mill. Akkumulert resultat etter april er minus kr 4,3 mill. Det er kr 7,8 mill dårlegare enn budsjetttert.

Inntektene viser eit positivt avvik på kr 13,3 mill medan personalkostnadane inkludert innleige av personell frå byrå viser eit negativt avvik på kr 16,5 mill. Forverringa i forhold til førre månad skuldast hovudsakeleg at føretaket har brukt større resursar knytt til innføringa av nytt elektronisk pasient-journalsystem en antatt, ei relativt kraftig vekst i kostnadene til utrykkingar innan ambulansetenesta samt eit høgare aktivitetsnivå enn budsjetttert. Andre driftskostnader viser ei forbetring frå førre rapport og har nå eit negativt budsjettavvik på kr 1 mill der største delen er knytt til lågare kjøp av eksterne tenester samt lågare kostnader til energi enn budsjetttert.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen – 2010 resultatet er ikkje korrigert for pensjonsjusteringa i desember

Styret i Helse Vest vedtok i møte den 13.04.2011 sak 053/11B å endre resultatkravet i Helse Bergen frå kr 160 mill til kr 140 mill i 2011.

Rekneskapen for april viser eit resultat på kr 16,5 mill. Dette er kr 3,7 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 59,6 mill som er kr 6,5 mill betre enn budsjettet.

Driftsinntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 34,4 mill medan kostnadssida syner eit negativt budsjettavvik på omlag kr 29,2 mill. Lønnskostnad og ekstern innleige viser eit negativt budsjettavvik på kr 5 mill når ein korrigerer for meirkostnad pensjon. Då er også ei pensjonsforplikting i forbindelse med ei verksemdsovertaking innan rusfeltet inkludert med kr 12 mill. Dette kan indikere at månadsverk og tilhøyrande lønnskostnad er på eit ønskeleg nivå sett i forhold til budsjett. Etter fire månader er det eit negativt budsjettavvik knytt til energikostnadar på om lag kr 10 mill og føretaket melder at dei har fokus på tiltak som er retta mot energiområdet.

Helse Førde



Alle tall i heile tusen – 2010 resultatet er ikkje korrigert for pensjonsjusteringa i desember

Resultatet i april er minus kr 4,8 mill som er kr 1,5 mill dårlegare enn budsjettert. Akkumulert resultat er minus kr 16,3 mill. Det er kr 2,3 mill dårlegare enn budsjett.

Inntektene hittil i år er kr 2,1 mill lågare enn periodisert budsjett. Kostnadssida viser eit negativt avvik mot budsjett på kr 0,2 mill. Lønnskostnadane syner eit meirforbruk på kr 4,4 mill medan varekostnadane har eit mindreforbruk på kr 0,4 mill. Det er eit mindreforbruk knytt til andre driftskostnadar på kr 3,1 mill.

Kjøp av helsetenester

Resultatet pr april er kr 25,9 mill betre enn budsjettert. Avviket er hovudsakleg knytt til kjøp av lab-/røntgentenester.

Administrasjonen

Resultatet pr april er kr 3,3 mill betre enn budsjettert og skuldast hovudsakleg lågare bemannings- og konsulentbruk enn planlagt i årets første fire månader.

Sjukehusapoteka Vest

Føretaket har i april eit resultat på minus kr 0,4 mill som er om lag på budsjett. Akkumulert har føretaket eit resultat som er kr 3,3 mill betre enn budsjettert. Personalkostnadane viser eit positivt avvik på kr 1,2 mill. Varesalsinntektene er kr 8,3 mill over budsjett medan tenestesalet er kr 1,1 mill under. Noko lågare varekostprosent enn budsjettert saman med den positive utviklinga i varesalet bidreg til eit dekningsbidrag som er kr 0,8 mill over budsjett.

Helse Vest IKT AS

Resultatet i april er negativt med kr 3,7 mill. Det er kr 2,6 mill dårlegare enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 1,2 mill betre enn budsjettert.

6.2 Omstilling

Helse Stavanger

Føretaket har realisert kr 8,4 mill av den planlagde effekten på kr 17,7 mill pr april. Dette utgjer ein realiseringsprosent på 48 % som er opp 7 prosentpoeng frå mars. Det er spesielt Medisinsk divisjon og Psykiatrisk divisjon som har låg grad av realisering.

Helse Fonna

Helse Fonna har sett i verk ei tiltakspakke på kr 51,2 mill med effekt f.o.m. april. Realisert effekt er på kun 22% målt mot plan men føretaket forventar at tiltaka skal virke, men med eit seinare innslagspunkt enn planlagt. Forventa måloppnåing ved årets slutt er berekna til kr 37,1 mill (72%).

Helse Bergen

Helse Bergen rapporterer ikkje på spesifikke omstillingstiltak.

Helse Førde

Føretaket har ei omstillingspakke på kr 31,6 mill for året. Pr april har tiltaka hatt ei effekt på kr 5,6 mill som gir ein realiseringsprosent på 103 % målt mot planlagt effekt på kr 5,4 mill. Føretaket melder ei tiltaksprognose som tilseier 100% effekt ved årets slutt.

6.3 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	13 800	13 800	0
Helse Bergen	140 000	140 000	0
Helse Fonna	0	10 000	-10 000
Helse Førde	-65 000	-40 000	-25 000
Helse Stavanger	40 000	40 000	0
Fellesområde, føretaksgruppa	40 000	40 000	0
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	300	300	0
Sum	169 100	204 100	-35 000

Alle tall i heile tusen

Alle resultateiningar med unntak av Helse Fonna og Helse Førde melder ei prognose som tilsvarer budsjettert resultatkrav. Helse Førde har rapportert at lønnsoppgjret i år ser ut til å bli større enn budsjettert. Effekten av årets lønnsoppgjret i dei andre føretaka vil venteleg vere avklart ved neste rapportering.

Helse Førde har utarbeidd ein prognose for året som viser eit resultat som er kr 25 mill dårlegare enn budsjett. Hovudårsaka til avviket er knytt til lønnsområdet generelt og lønnsoppgjret spesielt. Prognosen er basis for føretakets utarbeiding av tiltak på område som har den største risikoen i budsjettet for 2011.

Helse Fonna rapporterer ei prognose for året som viser eit nullresultat mot resultatkravet på kr 10 mill. I denne prognosen er det innarbeidd ei forventa måloppnåing på 73 % av den etablerte tiltakspakka på kr 51,2 mill.

6.4 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av april ein netto likviditet på minus kr 558 mill (innskott bank med fråtrekk for driftskreditt i Noregs Bank). Grafen under viser forventa utvikling i netto driftskreditt for året.



Likviditeten forverrar seg mot slutten av året som følgje av betaling av KLP reguleringspremie. Samla sett ligg likevel driftskreditten godt innafor tildelt trekkramme. Det er usikkerheit knytt til prognosen særleg i forhold til framdrifta på investeringsprosjekta, men og i forhold til resultatoppnåinga. Helse Vest vil følgje opp likviditetssituasjonen framover og om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.


7 Medarbeidarar

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet for føretaksgruppa var 7,7 % ved utgangen av mars 2011. Det er ein nedgang på 0,2 prosentpoeng frå februar 2011.

Det sjukemeldte fråværet var i same periode 6,5 %, og det er det ein nedgang på 0,1 prosentpoeng frå februar 2011.

For den same perioden i fjor låg det samla sjukefråværet på 7,2 % og det sjukemeldte fråværet på 6,0 %. Det er noko lågare enn dei same tala for 2011. Gjennomsnittleg lengde sjukemeldt fråvær er på 10,2 dagar for mars 2011.



For mars måned var fordelinga for sjukemeldt fråvær i intervallet 17-56 dagar på 3,3 %, og intervallet over 56 dagar var på 0,2 %. Korttidsfråværet i mars utgjorde 3,9 %. Hovudtyngda av korttidsfråværet finn ein i intervallet 9-16 dagar, som utgjør 1,6 %.


Det samla sjukefråværsdagsverket for føretaksgruppa var 31 005 ved utgangen av mars 2011. Det er ein auke på 3 505 sjukefråværsdagsverk frå februar 2011. Det var 2 846 færre sjukefråværsdagsverk akkumulert per mars 2010 enn per mars hittil i år.

Månadsverk

Netto månadsverk for føretaksgruppa i Helse Vest per april 2011 var 17 067. Netto månadsverk for føretaksgruppa i Helse Vest per april 2010 var til samanlikning 16 690, ein auke på 377 netto månadsverk. Samanlikna med mars 2011 er det ein auke på 35 netto månadsverk.

Brutto månadsverk for føretaksgruppa i Helse Vest per april 2011 var 18 720. Det er ein auke på 531 brutto månadsverk samanlikna med same periode året før. Den største auken ligg i Helse Bergen, som hadde ein auke på 220 brutto månadsverk i april 2011 samanlikna med april i 2010. Pleiepersonell er den yrkesgruppe som har den største auken i alle helseføretaka.

Samanlikna med mars 2011 er det ein auke på 160 brutto månadsverk for alle yrkesgrupper samla.



Det er ein auke i brutto og netto månadsverk per april hittil i år for alle helseføretaka med unntak av Helse Førde. Sjå tabellen under.


Netto månadsverk hittil	201004	201104	Endring frå 2010-2011	% endring
Helse Bergen	30 429	31 161	732	2 %
Helse Stavanger	17 965	18 545	580	3 %
Helse Fonna	9 870	10 198	328	3 %
Helse Førde	7 886	7 830	-56	-1 %
Helse Vest	66 151	67 735	1 584	2 %

Brutto månadsverk hittil	201004	201104	Endring frå 2010-2011	% endring
Helse Bergen	33 205	34 051	846	3 %
Helse Stavanger	19 520	20 243	723	4 %
Helse Fonna	10 676	11 044	369	3 %
Helse Førde	8 705	8 666	-40	0 %
Helse Vest	72 106	74 004	1 898	3 %

Helse Stavanger


Det samla sjukefråværet i Helse Stavanger var på 7,2 % per mars 2011. Det samla sjukefråværet for mars 2011 er 0,4 prosentpoeng lågare enn tilsvarande tal for februar 2011. I forhold til det samla sjukefråværet i mars 2010 har det vore ein auke på 1,3 prosentpoeng.

Det sjukemeldte fråværet var på 6,0 % per mars 2011. Det sjukemeldte fråværet for mars 2011 er 0,1 prosentpoeng lågare enn tilsvarande tal per februar 2011. I forhold til det sjukemeldte fråværet i mars 2011 har det vore ein auke på 1,3 prosentpoeng.



Netto månadsverk for Helse Stavanger per april 2011 var 4 656. Netto månadsverk for Helse Stavanger per april 2010 var til samanlikning 4 535, som er ein auke på 186 netto månadsverk. Samanlikna med mars 2011 er det stabilt.


Brutto månadsverk for Helse Stavanger per april 2011 var 5 110. Det er ein auke på 183 brutto månadsverk samanlikna med same periode året før. Samanlikna med mars 2011 er det ein auke på 37 brutto månadsverk.



Helse Fonna


Det samla sjukefråværet i Helse Fonna var på 7,0 % per mars 2011. Dette er ein nedgang på 0,6 % i det samla sjukefråværet i forhold til februar 2011. Sett i forhold til mars 2010 har det vore ein liten auke på 0,2 prosentpoeng.

Det sjukemeldte fráværet var på 5,9 % per mars 2011. Det er ein nedgang på 0,4 prosentpoeng i forhold til februar 2011. Sett i forhold til mars 2010 har det vore ein auke på 0,4 prosentpoeng.



Netto månadsverk for Helse Fonna per april 2011 var 2 582. Netto månadsverk for Helse Fonna per april 2010 var til samanlikning 2 476, det er ein auke på 106 netto månadsverk. Samanlikna med mars 2011 er det ein auke på 14 netto månadsverk.


Brutto månadsverk for Helse Fonna per april var 2 801. Det er ein auke på 120 brutto månadsverk samanlikna med same periode året før. Samanlikna med mars 2011 er det ein auke på 28 brutto månadsverk.



Helse Førde


Det samla sjukefråværet i Helse Førde var på 7,2 % per mars 2011. Dette er ein liten auke på 0,1 prosentpoeng for det samla sjukefråværet i forhold til februar 2011. I forhold til mars 2010 har det vore ein auke på 0,7 prosentpoeng.

Det sjukemeldte fråværet var 6,0 % per mars 2011. For det sjukemeldte fråværet er det ein liten auke på 0,1 prosentpoeng i forhold til tilsvarande tal i februar 2011. I forhold til mars 2010 er det ein auke på 0,4 prosentpoeng.



Netto månadsverk for Helse Førde per april 2011 var 1 976. Netto månadsverk for Helse Førde var 1 995 per april 2010. Det er ein nedgang på 12 netto månadsverk. Samanlikna med mars 2011 er det stabilt.


Brutto månadsverk for Helse Førde per april 2011 var 2 198. Dette er stabilt samanlikna med same periode året før. Samanlikna med mars 2011 er det ein auke på 34 brutto månadsverk.



Helse Bergen


Det samla sjukefråværet i Helse Bergen var på 8,4 % per mars 2011. Dette er ein liten nedgang på 0,1 prosentpoeng for det samla sjukefråværet i forhold til februar 2011. I forhold til mars 2010 har det vore ein liten auke på 0,1 prosentpoeng.

Det sjukemeldte fråværet var på 7,1 % per mars 2011. Det sjukemeldte fråværet er stabilt i forhold til tilsvarande tal i februar 2011 og for tilsvarande tal i mars 2010.



Netto månadsverk for Helse Bergen per april 2011 var 7 853. Netto månadsverk for Helse Bergen var 7 692 per april 2010. Det er ein auke på 162 netto månadsverk. Samanlikna med mars 2011 er det om lag likt.

Brutto månadsverk for Helse Bergen per april 2011 var 8 611. Det er ein auke på 220 brutto månadsverk samanlikna med same periode året før. Samanlikna med mars 2011 er det ein auke på 62 brutto månadsverk.



Oppfølging av variable timer hittil i år

Det er framleis ein auke på bruk av variable timer i helseføretaka. Meirarbeid og overtid inkludert uttrykking aukar i takt med auke av brutto og netto månadsverk. Tabellen under viser tal hittil i år.

Helseføretaka i Helse Vest	201004	201104	Endring 2010-2011	% endring
Meirarbeid i kroner	87 404 340	98 931 621	11 527 281	13 %
Overtid i kroner	94 793 787	107 140 062	12 346 275	13 %
Meirarbeid i timer	520 240	558 942	38 702	7 %
Overtid i timer	230 461	251 611	21 150	9 %
Brutto månadsverk	72 106	74 004	1 898	3 %

Rapportering og kartlegging deltid

Målet om reduksjon i 20% deltid innan utgangen av 2011 skal inngå i ordinær ØBAK rapportering. HOD og dei fire regionale helseføretaka ferdigstiller i løpet av mai måned felles nasjonale indikatorar for rapporteringa. Første rapportering i ny mal vil vere klar til rapportering for juni måned. Helse Vest vil oppdatere HR/HMS kubene i tråd med dei nasjonale indikatorane i slutten av mai 2011.

Det blir vist til presentasjon gitt til styret i førre styremøte. Det vil i denne styrerapporteringa bli gitt ei overordna rapportering for fast tilsette fordelt på total stillingsprosent:

Tal medarbeidarar fordelt på total stillingsprosent og tid for org. eining Alle avdelinger, stilling: alle yrkesgrupper, ansatt type: fast og kjønn: alle kjønn

	Tilkalling	Deltid										Heiltid	Totalt eks tilkalling
	0 %	0,1-9,9 %	10-19,9 %	20-29,9 %	30-39,9 %	40-49,9 %	50-59,9 %	60-69,9 %	70-79,9 %	80-89,9 %	90-99,9 %	100 %	
201012	701	25	281	372	129	257	1 664	651	1 611	1 929	481	9 729	17 129
201101	632	24	308	396	138	256	1 661	654	1 628	1 926	497	9 775	17 263
201102	663	25	317	393	140	262	1 654	639	1 587	1 926	496	9 728	17 167
201103	645	24	326	405	145	265	1 646	654	1 625	1 970	501	9 892	17 453
201104	654	24	328	407	145	263	1 659	661	1 609	1 984	494	9 915	17 489
Andel av totalt tal tilsette april 2011 eks tilkalling		0,1 %	1,9 %	2,3 %	0,8 %	1,5 %	9,5 %	3,8 %	9,2 %	11,3 %	2,8 %	56,7 %	100,0 %

Data overført frå Agresso: 14.05.2011 02:34

Styret vil bli nærmare orientert i styremøtet om endeleg krav til rapportering.

8 Omdømme

Omdømme	Resultater	Mål	Status	=
Samfunn				
Tilfro til tjenesten	80	80	●	
Avvik tilfro pasienter/pårøren...	-2	0	●	
Inntrykk av det regionale hels...	62	80	●	
Pasienter og pårørende				
Avvik tilfro pasienter/pårøren...	-2	0	●	
Avvik tilfro pasienter og pårø...	-4	0	●	

8.1 Tilfro til tenesta – april måned

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tilfro).

Prosentdelen som har svært eller ganske stor tilfro til spesialisthelsetenesta er i april 80 prosent. Dette er det same som i mars. Det er altså ein konsolidering av nivået etter ein nedgang frå 83 til 81 % i februar og 80 % i mars. Tilfroa er altså litt over gjennomsnittet for alle målingane sidan mai 2008. Gjennomsnittet for alle målingane er 79,4 prosent.

Det er relativt stabile tal for Helse Stavanger (frå 79 til 81 prosent) og Helse Bergen (frå 83 til 82 prosent), mens Helse Fonna går tilbake frå 77 til 72 prosent og Helse Førde går tilsvarande fram frå 71 til 76 %. Ingen av endringane i dei ulike føretaka er store nok til å vere statistisk signifikante.

Mars:

April:


Rangert meget stor tiltro eller ganske stor tiltro

Plass	Enhet	Prosent	Status
1	Helse Bergen	83%	●
2	Helse Stavanger	79%	●
3	Helse Fonna	77%	●
4	Helse Førde	72%	●

Rangert meget stor tiltro eller ganske stor tiltro

Plass	Enhet	Prosent	Status
1	Helse Bergen	82%	●
2	Helse Stavanger	81%	●
3	Helse Førde	76%	●
4	Helse Fonna	72%	●

Utvikling over tid meget og ganske




8.2 Forskjell i tiltru i gruppa *pasient/pårørende* samanlikna med gruppa *andre*

I april er denne på - 1 prosentpoeng. Dette betyr at den samla tiltrua er så vidt litt lågare blant dei som har vore i kontakt med spesialisthelsetenesta i forhold til dei som ikkje har vore i kontakt dei siste tre åra. I mars var denne indikatoren - 3 prosentpoeng, altså litt større forskjell mellom dei to gruppene.

8.3 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket av det regionale helseføretaket er i april på 60 prosent. Dette er ein tilbakegang frå 62 prosent i mars. Endringa er ikkje statistisk signifikant. Dette er framleis godt over gjennomsnittet for alle målingane, som inkludert aprilmålinga er 57,6 prosent.



8.4 Forskjell i tiltru mellom gruppa *pasientar* og gruppa *pårørande*:

Denne er for desember på -1 prosentpoeng, noe som betyr at tiltrua til spesialhelsetenesta er litt lågare blant dei som sjølv har vore pasientar dei siste tre åra enn blant dei som berre har vore pårørande. I novembermålinga var denne indikatoren -2 prosentpoeng.

Delen som har svært stor tiltru, er som før litt høgare blant dei som sjølv har vore pasientar, trass i at forskjellen er litt mindre enn vanleg.